



## Notat

Dato: 07.12.2015  
Arkivsak: 2015/2400-21  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål om sikker skuleveg og utbetring av Fv. 404 Kvamme - Kvamsbrekko - Fosse

I møteboka frå samferdselsutvalet sitt møte 11. november 2015 er det teke inn fylgjande spørsmål frå representanten **Marthe Hammer (Sv)**.

#### «Sikker skuleveg og utbetring av fylkesvei 404 Kvamme-Kvamsbrekko- Fosse

*Leiar for Trafikkgruppa til FAU ved Alversund barneskole i Lindås, Geir Bruland Tonning, har sendt e-post til samtlige medlemmar av MISA om fylkesvei 404 Kvamme- Kvamsbrekko – Fosse. Bakgrunn for dette engasjementet og initiativet er at FV404 i dag har dårleg standard og ikkje er tilrettelagt for myke trafikantar. Med dagens trafikkmengde (1300 biler ÅDT i 2014), planlagt utbygging og manglende tilbod til myke trafikantar, er det behov for opprusting av vegstrekninga og etablering av fortau.*

*Det er mange skolebarn som benytter seg av denne strekninga idag som skuleveg. Sjølv med rett på gratis skoleskyss grunna trafikkfarleg skuleveg, blir denne vegen brukt til mykje anna. Det er også eldre som ønsker seg ut på tur, men ikkje tørr på grunn av mangel på tilrettelegging for myke trafikantar. Mange av fritidsaktivitetstilboda for barn er ved Alversund skole og derfor blir denne vegen også brukt av barn utanom skoletid. Bebuarane i området føler seg hemma grunna den dårlige standarden og mangel på tilrettelegging for mjuke trafikantar.*

*Kva er status for oppgradering av denne vegstrekninga?»*

Vedlagt er brev frå Statens vegvesen med svar på oversendinga.

Fylkesrådmannen har ingen ytterlegare kommentarar til saka.

